

## Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

### Forslag

1. **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«RMNF ber om at følgende innspill tas inn i forslag for ny forskrift: Endring av § 5 andre ledd bokstav a) til «(...) blinde/svaksynte med ein visus på 0,33 eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet" (Dette for at fylket skal forholde seg til WHOs klassifikasjon på synshemmning, og at andre fylker følger denne malen)»»

2. **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«RMNF vil fjerne aldersgrensen nevnt i forskrift om tt-ordnining i Vestland § 2 første ledd bokstav c. Stryke at søker må være 10 år»

3. **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Endring av § 5: «Søkjar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.»»

4. Det vart fremma følgjande **felles** forslag på vegner av rådet:

«RMNF er usikker på kva siste setning i §5 med justering av tildeling vil bety for føreseieleg tildeling for brukaren, og brukaren sitt behov for å kunne planlegge.»

Protokollmerknad: **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram alternativt forslag til forslag 3: «Endre § 5 tredje ledd, ved å fjerne del av følgjande setning: «eller som får grunnstønad til transport frå NAV».»

### Avrøysting

1. Fiskvik sitt forslag vert samrøystes vedteke
2. For: Bente Underthun (SAFO), Sigrid Rønneberg (SAFO), Inge Fiskvik (FFO). Mot: Kjell Håland (A), Egil Bru Overaa (FFO), Gunn Mongstad (SP), Trude Brosvik (KrF), Gunnar Moland (H). Resultat: Rådet stemte imot dette forslaget.
3. For: Bente Underthun (SAFO), Egil Bru Overaa (FFO), Sigrid Rønneberg (SAFO), Inge Fiskvik (FFO). Mot: Kjell Håland (A), Gunn Mongstad (SP), Trude Brosvik (KrF), Gunnar Moland (H). Resultat: Rådet stemte for dette forslaget, jf. Reglement for saksbehandling, nr 16, der møteleiar sin røyst er avgjerande ved likt stemmetal.
4. Det felles forslaget vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande uttale:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at følgjande innspel takast inn i forslag for ny forskrift: Endring av § 5 andre ledd bokstav a) til: «(...) blinde/svaksynte med ein visus på 0,33 eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet.» (Dette for at fylket skal forholde seg til WHOs klassifikasjon på synshemmning, og at andre fylker følger denne malen).

Endring av § 5 tredje ledd: «Søkjar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er usikker på kva siste setning i § 5 med justering av tildeling vil bety for føreseieleg tildeling for brukaren, og brukaren sitt behov for å kunne planlegge.

**Protokollmerknad:** Dei som stemte mot forslag 3 ønska følgjande forslag: «Endre § 5 tredje ledd, ved å fjerne del av følgjande setning: «eller som får grunnstønad til transport frå NAV».»  
Kjell Håland (A), Gunn Mongstad (SP), Trude Brosvik (KrF), Gunnar Moland (H).